

There ain't no cure...

Det finst ingen kur... Litt om emigrasjon, heimlengt,
og eit maleri

Jostein Nordvik



2010

There ain't no cure eller?

Av Jostein Nordvik

I ein av Leonard Cohen sine mest kjende songar, hevdar han at “There ain't no cure for love” – det finst ingen kur mot kjærleik!

Dette vesle stykket handlar *ikkje* fyrst og fremst om kjærleik, men litt om emigrasjon og litt om heimlengt, ein sinnstilstand eller ei kjensle som stundom kan vere sterkare enn kjærleik, og svært vanskeleg å kurere.

I året 1891 emigrerte fire sysken frå eit lite lokalsamfunn I Vest-Norge – frå **Øvstegardsbruket i Vik i Syvdsbotn**, til The United States of America. Maleriet nedanfor viser staden dei reiste frå. På øvste delen av ramma står det, på begge sider av kongekrona og dei krysstilte flagga: Søvdsbotn – Norge.



Eldste broren, Olaf, hadde vore i Iowa frå 1887 til 1890, då han vende tilbake til heimbygda i Norge og selde gardsbruket han eigentleg skulle ta over. No var han på veg attende til USA saman med to av systrene sine, Elise (Lisa) og Karen, og yngste broren, Johan. Dei drog til Clear Lake i Iowa, der Olaf hadde vore fyrste gongen.

I løpet av dei to neste åra var begge systrene gifte; Lisa med Hans Christenson frå Skjåk, som også hadde slege seg ned i Clear Lake, Iowa, og Karen med Martin Hetland. Karen og Martin budde fyrst i Iowa, og seinare flytta dei til ein farm nær Hope, North Dakota.

To år seinare, 1893, kom den tredje broren, Knut, til USA, og i 1901 var Johan på vitjing i Syvde, og kom tilbake til Iowa med yngste systera, Anna. Som den siste i syskenflokket immigrerte systera deira, Ingeborg og mannen hennar i 1904. Då hadde i alt sju av dei åtte syskena frå Øvstegarden emigrert til USA frå vesle Vik i Syvdsbotn. Berre eldste systera, Oline Martha, vart att på fødestaden deira i Norge, og etterkomarar etter henne bur i dag på Øvstegardsbruket.

Men dette er *ikkje* tenkt som ei slektssoge. Dette vesle stykket vart inspirert av eit fotografi av eit gammalt maleri (biletet framanfor) og nokre opplysningar om dette maleriet. Eigaren sitt fulle namn var Elise Berthe Martha Knutsd. Vik frå Øvstegarden i Syvdsbotn, som altså vart gift Christenson etter å ha immigrert i USA.

Vi veit sikkert at Øvstegards-Lisa hadde ein tærande lengt etter heimlandet, fødestaden og slektingane sine. Etter å ha fått fire born, alle gutar, i Clear Lake, tok familien på seks ut på vitjing seint på året 1901, med ei lang og strevsam reise over havet tilbake til Norge og Syvdsbotn. Dei kom vel fram til Lisa si heimbygd, og der vart familien velsigna med ei lita jente den 15. februar 1902, fødd på heimleg jord, så å seie. Jenta vart døypt i Syvde-kyrkja, slik som både mora, Lisa, og i si tid Lisa si mor, Ane, mange år før.


Men Norge var endå ikkje noko “fremtidens land” for dei, og Christenson-familien – no med sju medlemmer – reiste tilbake til USA. Reisa var ekstra slitsam denne gongen, for dei fekk mykje dårleg ver, og Lisa var meir eller mindre sjøsjuk heile tida. Hans tok seg av dei fire gutane, og mannskapet hjelpte til med å bere veslejenta rundt når det trongst. ”Lille dokka mi” skal dei ha kalla henne. Vel tilbake i Iowa og Clear Lake, tok familien opp att tråden dei hadde sleppt der, og gikk vidare i livet som amerikanarar, og seinare kom endå to gutar til.



**Dei fire gutane og veslesystera, fotograferte i Iowa etter at dei vel var tilbake i USA frå Syvde.
Foto: Phil Menck, Clear Lake, Iowa**

Kanskje hadde turen til Norge kurert noko av Lisa sin heimlengt? Eg veit eigentleg ikkje noko sikkert om dette, men det eg veit no, er at Lisa hadde dette maleriet av den gamle heimbygda si hengande på veggen i den nye heimen i USA i mange år. Kanskje kunne eit slikt handfast minne om fødestaden, barndom og ungdom vere til trøst og ”husvalse” når heimlengten slo til innimellom? Det kan eg berre undrast på, men eg er i alle fall sikker på at ho var svært glad i og hegna om dette maleriet og alle minna det bar med seg.

Maleriet var opphavleg laga av ein lokal malar i Syvde, Per (Peder) Skaugset (biletet til høgre, teke av fotografen Storegjerde), og til no kjenner vi til meir enn eit halvt dusin liknande Syvde-maleri av han, med litt variasjon i motivet. Dette er likevel det einaste av maleria hans eg kjenner til utanfor Norge. Det syner litt meir av den nord-austre sida av Syvdsbotn enn dei fleste andre maleria gjer, og til venstre på maleriet kan vi faktisk sjå Øvstegards-bruket (kvitt hus ved talet 1), der Lisa var fødd og vaks opp, i midten kyrkja der både ho, mora og dottera var døypte (over talet 2), og til høgre kan vi sjå den vesle kvitmala skulebygningen (3) der Lisa fekk den fyrste skulegangen sin. (Alle tala står med kvit skrift rett under dei aktuelle bygningane på utsnittet nedanfor).



Når vi ser nærare etter på det store fotografiet av maleriet, kan vi skimte ein signatur i nedste venstre hjørnet. Eg trur Peder Skaugset sjeldan signerte maleria sine, og difor spurde eg den noverande eigaren av maleriet, Lisa si dotterdotter, om denne signaturen. Ho avslørte då at

dette var ein nøyaktig kopi eller reproduksjon, og skreiv slik (i mi omsetjing frå engelsk/amerikansk):

”...Då mor mi og pappa feira sin femtiande bryllaupsdag, fekk Helen Hoff (eit syskenbarn av pappa) ei venninne til å kopiere maleriet frå Syvde. Ho var ein velkjend kunstnar i Des Moines, Iowa, og i vår familie var det ingen som kunne sjå forskjell på dei to maleria. Reproduksjonen var så dyktig utført. Initialane du ser lengst nede i det venstre hjørnet på maleriet, er J A H. (JoAnn Hayes). Dette er truleg grunnen til at du meinte å kunne sjå at fargane i maleriet var av ein litt betre kvalitet. Maleriet var reproduisert i 1969... .”

På dette viset hadde Lisa sine barn funne ein slags salomonisk måte å dele dette kunstverket på utan å dele det opp og øydelegge det, og på dette viset kunne dei la det gå vidare til meir enn ein av Lisa sine etterkomarar.

Etter at maleriet kanskje hadde vore ein "cure for homesickness" – lækjedom for heimlengt – for den fyrste generasjonen av amerikanarar i denne familien, hadde det no vorte eit kjærte "memorabilia" (ein minnegjenstand) for andre og tredje – og kanskje til og med framtidige – generasjonar.

--oo0oo--

Takk til Vicki Jean Hill for fotografi av maleriet, og til Dorothy Van Deest for opplysningar.

Dette stykket var opphavleg skrive på engelsk, og offentleggjort på ein internettblogg med litt slekts- og lokalstoff.